




Alver kommune
Havnevegen 41 A
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 137/184 - naust kai og båtopptrekk - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 17.04.2020. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankravet gjeve i § 2.2 i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen, arealføremålet bruk og vern av sjø og byggeforbodet langs sjø gjeve i plan- og bygningslova § 1-8. Det er planlagt etablering av naust, kai og båtopptrekk på og ved gbnr. 137/184. I søknad er det opplyst at naustet vil ha eit bruksareal (BRA) på om lag 35 m². Storleik på kai og båtopptrekk er ikkje opplyst.



Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av



kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er nyleg vedteken og det er uheldig å dispensere frå ein helt ny plan. Vi viser til at Lindås ligg i sone to i Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona. Her skal det mykje til å gje dispensasjon.

Slik vi forstår saka så er naustet i samsvar med formålet i området, mens kai og båtopptrekk ikkje er det. Alle dei omsøkte tiltaka må ha dispensasjon frå plankrav og byggegrense mot sjø.

Sjølve nausttomta har etter det vi kan sjå små strandsoneverdiar, men ho er ein del av eit større område med naustformål i kommunedelplanen. Området er delvis utbygd, men har også ubygde områder med gode strandsones kvaliteter. Isolert sett har vi ikkje merknadar til dispensasjon til naust med båtopptrekk, men vi er kritisk til dispensasjon frå plankrav i område med verdifull strandsonesone. Dispensasjon frå plankrav i denne saka kan føre til at det vert vanskeleg å krevje plan om det kjem ei liknande dispensasjonssøknad i framtida.

Fylkesmannen si foreløpige vurdering er at det er meir problematisk å gje dispensasjon til ny kai enn til naust i denne saka. Kaien er relativ stor og ikkje i samsvar med formålet. Løysingar for eventuelle nye kaiar i området må vurderast i ein planprosess, slik at temaet kan vurderast samla.

Kommunen må i vidare sakshandsaming vurdere kva følgjer ein dispensasjon frå plankravet kan få for dette området som heilskap.

Fylkesmannen ber om å få saka til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent